

PROSESS | FORARBEID OG REGISTRERING

FRA HAMMERSLAG TIL TROMMESLAG

Transformasjon og vern av industribygninger

FRA HAMMERSLAG TIL TROMMESLAG

Transformasjon og vern av industribygninger
Prosess forarbeid og registrering

Masteroppgave i Arkitektur
Kirsten H. Fosstveit og Marianne Ø. Aasebø
NTNU fakultetet for arkitektur og billedkunst

Veileder: Eir Grytli
Ekstern veileder: Sophie Noach, Kulturminnefondet

Våren 2012 gjorde me førebuingar til diplomten, me vil fullføra om hausten. Me hadde eit opphald på Røros, som hospitantar ved Norsk Kulturminnefond. Der fekk me sjå kulturminnevernforvaltning i praksis, samstundes som me skreiv forarbeidet vårt.

Me hadde ei synfaring til Rognan i påska, der me fekk treffa sentrale personar kring utviklinga av Rognanfjøra. Seinare, i juni, kom me attende for å gjera oppmålingar, registreringar, dokumentasjon, m.m., som skulle danne grunnlaget for vidare arbeid med diplomten.

Dette heftet samanfattar noko av prosessen vår frå våren 2012.



Norsk Kulturminnefond

23.04.12 HOSPITANTAR VED NORSK KULTURMINNEFOND

Me vil i denne rapporten fortelja om våre opplevingar og erfaringar som hospitantar ved Norsk Kulturminnefond. Me er to arkitektstudentar som nærmar oss slutten av utdanninga, og har no att å gjera masteroppgåva (diplomen).

BAKGRUNN

Utgangspunktet var ein samtale med Eir Grytli ved Institutt for byggekunst, historie og teknologi. Me drøfta då vårsemesteret 2012: Kva alternativ fanst om me ville gjera noko anna enn prosjektering? Kunne det vere interessante kontor eller bedrifter kor me kunne få praksisplass? Eir sette oss i kontakt med Jon Suul, direktør ved Norsk Kulturminnefond, og han stilte seg svært positiv til eit samarbeid. I desember fór me, saman med Eir, til Røros for å avtala nærare. Det vart eit hyggeleg møte, og me fekk treffa dei tilsette ved fondet. Det vart avtalt ein periode på to månadar, frå og med 27. februar, til 1. mai. Busituasjon var ordna, og me skulle få bu i Rasmusgården, eit av dei eldste gårdsanlegga i Bergstaden, og nyrestaurert av eigarane - Fortidsminneforeningen. Kva forventningar hadde me til opphaldet? Korleis førebudde me oss? Ingen av oss kjende oss sikre

på kva me kunne venta oss, korleis me skulle bruka tida på Røros o.l. Me såg føre oss at opphaldet kunne hjelpe oss eit stykke på vegen med forarbeidet til masteroppgåva. Kanskje ville me bli inspirert av omgjevnaden? Me las begge artiklar og bøker om historia til Bergstaden, om gruvedrifta, om samfunnet og verdsarvstatusen. Me vart fascinert, og vart samde om å reisa saman for å oppleve Rørosmartnan i slutten av februar.

OPPHALDET

Første dagen fekk me tildelt kontorplass. Einar Engen tok ansvar for oss den første veka. Han gav oss eit innblikk i Norsk Kulturminnefond – korleis det heile starta, korleis fondet fungerer, retningslinjer og anna. Me fekk i tillegg fleire gode artiklar og litteraturtips, som òg gav oss ei betre forståing for kulturminnevernet, og fondet sitt verkeområde. Vidare introduserte han oss for Lykillinn, fondet sin søkebase. Me fekk adgang til basen, og kunne så kikka gjennom søknader, og slik få eit bilete av kva utfordringar fondet og kulturminneforvaltinga står ovanføre i dag. I mars fekk me vera med på faggruppemøta. Ei ekstern faggruppe kom til Røros for å vera med i

vurdering og gjennomgang av søknader. Det var svært interessant å vera tilhøyrar til dei faglege diskusjonane. Me har dessutan hatt mykje god hjelp og støtte i medarbeidarane her ved fondet. Saksbehandlarane har, sjølv om dei har vore travle, teke seg tid til å setja seg inn i kva med driv med, og stilt gode spørsmål som har drive oss vidare. I det heile har me fått mykje ut or opphaldet. Det er eit ope, sosialt og fagleg miljø her. Me har fått innsyn i - og auka forståing for - Norsk Kulturminnefond sitt arbeid og virke.

ERFARINGAR/KONKLUSJON

Dei to månadane er snart over, og me kan sjå attende på ei innhaldsrik tid. Då me kom hit i februar, hadde me visse førestillingar om korleis opphaldet ville arta seg. Målsetjinga for oss var å koma eit godt stykke på veg i arbeidet med masteroppgåva, med skriving av essay og forarbeid. Me synest sjølv me er godt i gang, og trur me er komne lenger i arbeidet og diskusjonane, enn om me hadde vorte verande i Trondheim. Dessutan såg me opphaldet som eit høve til å læra om kulturminnevern, praktisk og teoretisk, og med Røros som «case». Slik sett har opphaldet innfridd forventningane, og

me kjenner me har utvikla oss fagleg, og har fått auka kunnskap og forståing om og for kulturminnevern. Det kunne vore interessant å sjå nærare på Røros som «case», og me vil tru det kanskje kan vere ei aktuelt for seinare hospitantar. Elles har me fått studert Rasmusgården nærare, og opplevd korleis det er å leva med og i kulturminne. Slike praktiske erfaringar trur me er viktige. Samarbeidet med Norsk Kulturminnefond har fungert godt. Me har fått mykje tid og rom til å utforska eigen idear og tankar, i tillegg til at me har fått mange inspirerande og gode innspel frå «sidelinja». (...)

Kirsten Hellerdal Fosstveit og Marianne Øvreås Aasebø
Stud. Arch. MNAL NTNU

5.3.12 ROGNANFJÆRA

Marianne leser en artikkel om Roganfjæra på saltenposten.no der det nevnes Economuseum (Økonomuseum), en hit fra Canada. Det er en levende håndverksvirksomhet som er åpent for besøkende, med produksjon av tradisjonelle og nyskapende håndverksprodukter i en historisk sammenheng. Virksomheten får en ekstra arena til å omsette varene.

- Handverksverksemdene, handverksfaga og tradisjon-
sprodukta får auka status og merksemd.
- Folk får ei god oppleving av landsdelen sine historisk
interessante produkt og tradisjonshandverk.
- Verksemda får auka sal og vert motorar for kulturbasert
verdiskaping i heile lokalsamfunnet. (<http://www.hordaland.no>)

Marianne blir giret på dette, men finner så ut at dette var noe Hordaland fylkeskommune begynte å satse på for fire år siden, og hun tenker, er vi litt etter? Er det fortsatt aktuelt? Kirsten mener at vi kan jo se på de fem økonomuseumene som har blitt opprettet på vestlandet, og se om det fungerer, det er jo fordelen med at det allerede har blitt satset på.

Kulturminnevern under miljødepartementet: Kirsten har

lest Myklebust, som belyser en sak. Vile se kulturminnevern i sammenheng med miljøvern, f.eks. energiregnskap og visuelt miljø. Er det bærekraftig å holde liv i bygninger som ikke blir brukt? Eller plassere en funksjon som det egentlig ikke er behov for?

Vi setter oss ved det runde bordet og prøver å diskutere Rognansfjæra. Det blir mest diskusjon på et nasjonalt nivå, en følge av at vi ikke vet nok om Rognan.

- Vern gjennom burk riktig når det ikke er behov?
- Kan kulturminnevern sette fokus fremover?
- Det er samfunnsutviklingen som er interessant. Mel-
lomlandet er et resultat av økonomi og samfunn. Det er jo et kulturminne det også. Det er heleten som er viktigst. Fokuset er på det som er mest estetisk (etter den smaken vi har idag)-
- Boligunderskudd + boligoverskudd = 0 Dersom vi skal unngå å rive og bygge nytt: Skal man flytte hus eller skal man flytte folk? Å flytte hus gjør at de blir tatt ut av sin kontekst. Men gjør det noe? Når Trondheim brant ned solgte bøndene husene sine som ble flyttet til byene. Blir

det feil typologi? Hva med klimatilpasning, i forhold til landskap, isolasjon etc. Å flytte folk er kanskje noe kommunistisk, men kan man gjøre det attraktivt å flytte ut til bygdene? Slette studielån? Desentralisering av statlige selskap? Men da blir det jo pendling, er det bærekraftig? Kanskje mer bærekraftig å pendle i helgene enn å sitte i kø i en time i storbyene?

- Hva er grunnene til at kystnorge er truet? Fraflytning? Til byene? Flytting lokalt? Fra havet til veiene? Ikke fokus mot havnen? Havnen = dead end
- Båten har gått fra å være fremkomstmiddel og aller mest næring, til å bli en fritidssysse. Båt er et alternativt til hytte. Kanskje mest attraktivt om sommeren. Å ha båt gir mindre inngrep i naturen. Det krever ingen infrastruktur, avløp og vann.
- Er det behov for et båtbyggeri/museum i Rognan? Hvor mange trenger man nasjonalt sett? Er det langt til et annet båtbyggeri/museum?
- Vil et båtbyggeri/museum skape identitet, samhold, arbeidsplasser, attraksjoner, turisme? Vil et båtbyggeri/museum være en ting du går på en gang? Kan område

tiltrekke seg turister og lokalbefolkning gang på gang?
Kan det kombineres med andre aktiviteter?

- Kan læringen og arbeidet brukes aktivt i museumsvirksomheten?

Rognanfjæra:

- Åpne dører, kantine for skolen er åpen for byen
- Båtbyggerlinje om vinteren
- Båtbyggerkurs, turisme, elever som guider om sommeren
- Knytte sammen bilvei og sjøveien

Kirsten leser forprosjektet fra desember 2010 og blir uinspirert. De ønsker interaktive utstillinger, og “jeg er som et gammelt menneske i en ung kropp” minnes kjedelig arbeid på arkitektkontoret i Spania, og blir kanskje spesielt frastøtt etter å ha vært på Rockheim igår. Marianne sier at vi kan gjøre hva vi vil, vi trenger ikke å lage et interaktivt museum der det trykkes på skjermer. Og vi trenger heller ikke å fokusere på det som skal være museum, vi kan fokusere på andre ting selvom det er der.

Marianne leser i Verneverdi - sårbarhet - muligheter,

utarbeidet i 2010. Det virker som en objektiv rapport, som ikke tar utgangspunkt i at det absolutt skal være et museum der. Den drøfter hver enkelt bygning, tilstand og verneverdi, og om endret bruk vil skade objektet, og forslag til bruk. Marianne leser om Haagensenverkstedet før hun hopper til oppsummeringen - det blir for forvirrende å lese om alle bygningene når hun ikke har noen knagger å henge det på.

Kirsten kikker opp av maskinen og sier noe om at hun synes at alt blir brukt til turisme. Hun tror ikke det kan være sunt å bo i et museum. Det blir en romantisering av fortiden. Det blir litt trist.

KAI LINDE

“– Jeg tror folk har vanskelig for å forstå at en svunnen tid kan brukes til utvikling.

Han nevner Iphone, forbruk og penger, og sier han er mer opptatt av ekthet som fremtidens byggeklosser.

– Hva skal Saltdals identitet være? Båtbygging kan være noe evigvarende. Dette er politikerne i kommunen med på, så jeg har tro på en positiv utvikling i fjæra fremover.”

“– Trebåttiden er jo egentlig forbi, men det har kommet en renessanse for trebåter som lystbåt. De fleste av kundene er nordlendinger.

– Det er gjerne utflyttere som hadde en bestefar som selv bygget og brukte trebåter.

– Dessuten er den vakker, ikke sant.”

— Kai Linde

SALTDALS BÅTBYGGERHISTORIE

SALTDALINGENE skal ha bygget båter i over 1000 år. Båtbygging var utbredt i Saltdal på 1700-tallet.

PÅ 1800-TALLET ble sagen tatt i bruk, inntil da hadde båtbordene blitt kløyvet med øks. Sagen effektiviserte byggeprosessen, og antallet båtbyggere firedoblet seg. **KLINKETEKNIKK** ble brukt frem til starten av 1900-tallet. Tynne båtbord overlapper hverandre og blir klinket sammen med jernnagler. Tjære blir brukt for å tette. Båtene bygges uten tegning, etter bestemte mål.

KRAVELLTEKNIKK ble gjeldende på starten av 1900-tallet. Teoribasert byggeteknikk. Glatt bordkledning,

hvor bordene ligger tett. Bygges etter tegning eller konstruksjonsmodell. Tillater bruk av større dimensjoner.

PÅ MIDTEN av 1900-tallet nådde trebåtindustrien sitt høydepunkt med rundt 250 båtbyggere i Rognanfjæra. **NORGES FØRSTE** båtbyggerlinje startet opp høsten 1947 ved Saltdal videregående.

FRA 1960-TALLET la stadig flere båtbyggerier ned driften. **PÅ 1990-TALLET** ble nordlandjekten «Brødrene» på 21,7 meter det siste store prosjektet for båtbyggere og båtbyggerlever i Saltdal. I 1998 ble båtbyggerlinjen lagt ned.

KAI LINDE etablerte båtbyggeriet sitt i 1991 og er i dag Saltdals eneste båtbygger.

DRØFTINGAR (CASE:ROGNAN)

- Ikkje særskild nyskapande
- Høve til å giera eit godt, solid prosjekt som ikkje har “WOW-effekt”, men som er kjenneteikna av høg (arkitekt)handverkmessig kvalitet. Sjå til Geitbåtprosjektet.
- Oppleving og bruk gjennom året. Tenkje bruk, drift, ak-torar. Kven nyttar bygga til kva tid, og korleis? Td. skule/opplering/kurs gjennom året, oppleving om sumaren i turistsesongen.
- Langsiktig perspektiv som kan gi avkasting på sikt. Til skilnad frå “gallerifiseringa” av mange kulturminne (i landbruk, industri, og kystkultur).
- Trebåt vs plastbåt. Kvifor skal ein byggja trebåtar? Er det framtidsetta? (Gjere studie på dette.)
- Det finst fleire tilsvarande senter (trebåtbyggjing) i Noreg. Kan desse få til eit samarbeid? Er det behov for alle desse?
- Representerer båtbyggjinga ein kultur som allereie er utdøydd?
- Verdiskapingsprogrammet. Sjå på måla for programmet: Er desse måla relevante i høve til trebåtsenteret? Korleis fungerer verdiskapingsprogrammet som verkemiddel?
- Økonomismuseumsrørsla (starta 2008). Er den framleis aktuell?
- Christensen seier: Landskapet er vrent, blikket er vendt

innover - frå sjøen og båten og til bilen og vegen. Det gamle naustet er blitt garasje ved at opninga mot sjøen er stengt, og ein ny er sett opp mot vegen.

- Båten vert forbunde med fritid. Ikkje lenger det primære framkostmiddelet.
- Båtbyggjarlinja vart lagt ned i 1998. Kvifor? Kva då om ein startar opp att, vil det vere ei kortsiktig affære? Eit prosjekt som er dødsdømt?
- Kvifor vel folk plast framføre tre? Må det kampanjar til for å auka interessa for trebåtar?
- Økonomisk berekraft. Kan ein sjå føre seg eit nasjonalt perspektiv med ei organisering av alle båtbyggjarsentra (saman vert vi sterkare).
- Nasjonale verneplan for fartøy 2010-2017

HUSET ER EN MASKIN, MASKINEN ET KULTURMINNE

Modernismen fant sine forbilder i funksjoner med spesialiserte byggeprogram - flyet, bilen eller fabrikkene - der formen var avledet fra bruken. Med denne bakgrunnen er de tekniske og industrielle kulturminnene ofte objekter der bevaring av funksjon blir vel så viktig som form og materialbruk. (...)

Produksjonanlegg (fra kraft- og tungindustri) var hjertet i prosessen. Flere slike har nasjonal kulturminneverdi. Hva skjer når det ikke er bruk for dem? De er store, kostnadskrevede og håpløst ufunksjonelle for annet enn den opprinnelige bruken. Omfang og kompleksitet gir dem en alvorlig karakter. Kulturminnene representerer gjerne miljøproblemer og uheldige tekniske inngrep. Samtidig er de også ressurser for videre utvikling av stedene. Hvordan skal hensynet til kulturminneverdiene og lokale ønsker om å frigjøre arealer samordnes? (...)

Et kulturminne er sjelden lett å avgrense, men står i romlige og funksjonelle sammenhenger som strekker seg langt ut over enkeltobjektet. (...) implementeringen av den europeiske landskapskonvensjonen (vil) gjøre landskapet til en viktigere faktor i forvaltningen av mange tekniske- og industrielle kulturminner. (...)

(...) de tekniske og industrielle kulturminnene (er) en gruppe med store opplevelsesverdier. Man kan håpe at at dette vil gjøre det enda enklere å argumentere for bevaring av dem i framtiden, enten det er som reisemål, formidlingsobjekter eller som rariteter.

Ekerhovd, Per Morten: Huset er en maskin, maskinen et kulturminne. Fortidsvern 1/2008

OM TURISME

Kulturminne og kulturlandskapet har lenge vore eit mål for turisten. Då fjellheimen og fjordane vart «oppdaga» av kunstnarar og forfattarar på 1800-talet, opna det for ei ny næring: Turismen. Fotturisten dukka opp i bygder og fjell rundt om i Noreg, og støtta slik opp om romaniseringa av det førindustrielle bondesamfunnet. I dag går fotturistane i dei same fara, men i ein omgjenvad som er i stadig endring. Kulturlandskapet er i ferd med å gro att, og kulturminna som jordbruksbygningane som representerer står til forfall. Her møter samfunnet seg sjølve i døra: Dagens kapitalistiske samfunn tvingar bøndene over i andre næringar, til sentralisering frå bygd til by. Samstundes kjenner mange ei lengt attende til det gamle landskapet og dei gamle bygningane. Samfunnet sitt krav om tilpassing til den marknadsstyrte økonomien, og det folkelege kravet om vern om det gamle står i eit motsetningsforhold.

På same tid utgjer turistnæringa ein av dei viktigaste næringane og inntektskjeldene i store delar av landet. Turismen kan såleis finansiera eit vern av kulturlandskap og kulturminne. Det er i stor grad det førindustrielle Noreg turisten ønskjer å sjå. Det inneber mellom anna at det er desse kulturminna som vert prioritert, og mellom desse bygningar som let seg finansiere, har ein økonomisk

verdi. Det kan vere gamle stabbur og fjøs, kor mat og dyr vert bytta ut med sovande turistar. Kva så med resten av kulturminna som er vanskeleg å få til å betala seg direkte? Kva med store driftsbygningar, eller kraftstasjonar og industrihallar? Alle desse kan ikkje vere kultursenter og danselokale. Det gir lita inntekt og økonomisk stabilitet. Og kva skjer med kulturlandskapet når landbruket vert lagt ned? Kanskje bør salsannonse av turistnoreg oppdaterast: Det moderne Noreg med gamal og ny natur og kultur, i staden for eit nostalgisk skjønmmåla bilete av det førindustrielle Noreg.

Dette tenkte kanskje vegvesenfolk då dei sette i gong prosjektet Nasjonale turistvegar. Satsinga går føre seg langs smale og svingete vegar, små avstikkarar frå allfarveg. Vegstrekningane slynger seg gjennom norsk jordbrukslandskap, over i fjellandskap og gjennom mange bygder og bygde landskap. Nokre punkt vert merka av, og landkapet ramma inn og iscenesett av arkitektar og kunstnarar. No vert det gjort satsingar óg innanføre kulturminnevernet som koplar seg opp mot vegturisten: I Finnmark har Riksantikvaren gjennom sitt Verdiskapingsprogram velt seg ut Hamningberg og Vardø som viktige miljø å ta vare på. Desse inngår i Nasjonale turistvegstrekninga Varanger.

Det er altså ein samanheng mellom turisme og kulturminnevern. Dette har resultert i fleire meir eller mindre vellukka samarbeid mellom turistnæring og offentleg forvaltning. Likevel ligg det mange uløyste utfordringar som begge parter saman kunne løyst. Det gjeld mellom anna dei mange driftsbygningane i landbruket. Desse er kulturminne på private hender, men som det offentlege har eit ansvar, ikkje minst gjennom sin politikk. Det er politisk klima som har ført landbruket i situasjonen ein har i dag. Då vert det ei offentleg oppgåve å ta ansvar for handlingane sine.

Ei anna utfordring er hytteturismen. Ein trugsel mot miljø, kulturminne og kulturlandskap. Den er hovudsakleg initiert av privat næringsliv med utbyggjarar, men støtta av det offentlege som lokalt (og ruralt) ønskjer all aktivitet og utbygging velkomen. Spørsmålet er om ikkje ein her kunne fått til eit betre samarbeid, der miljø- og kulturminneforvaltninga óg vart trekt inn. Ein kunne skapt ein vinn-vinn-situasjon der kulturminne fekk ei revitalisering gjennom ei gradvis funksjonsendring (frå støy/uthus/bustad til hytte/fritidsbustad). Slik kunne ein «redda» kulturminne frå forfall, redusert materialforbruk knytt til bygging av nye hytter, og sannsynlegvis fått eit

landskap med eit bygningsmiljø som er betre tilpassa omgjevnaden. Kanskje må det offentlege endra hyttepolitikken: Setja fleire krav (til dømes storleik, vatn/avløp, straum), vera konsekvente (slutt på dispensasjonar!), krevja inn hytteskattar som vert øyremerkt til dømes skjøtting av kulturlandskapet.

OM TILBAKEFØRINGSSYNDROMET

I søknadsbunka til Kulturminnefondet ligg det mange søknader som dreier seg om tilbakeføring. Det kan vere eit gamalt foto som er utgangspunktet for eit ønskje om å skifte ut husmorsvindaug med krossvindaug. Eller hadde huset ein annan type takstein, eller kanskje torvtak tidlegare. I somme tilfelle er det gissingar som er grunnlaget; ein trur huset har sett slik eller slik ut. Det kan synast som denne fortidsinteressa er noko tidsypisk, for vår tid. Fenomenet nostalgi er ikkje noko nytt, men har alltid følgd det moderne som ein skugge. Nostalgiske kjensler, gjerne i form av ein nostalgisk prega estetikk, har vore ein viktig drivkraft i kulturminnevernet frå skipinga av Fortidsminneforeningen og fram til i dag. Då er då særskild den førindustrielle bondekulturen, og det antiurbane ein har interessert seg for (og idyllisert).

I dagens kulturminnevern har fenomenet nostalgi på mange måtar fått ein negativ klang, som eit uttrykk for «føleri» og falske draumar. Det er såleis eit kulturskilje mellom fagfolk og folk flest, som byggjer seg Lykkebo og måler kilometer med stakittgjerder. Kan kanskje samanliknast med Sveitserstilhetsen i si tid? Tilbakeføring og nostalgien vert eit uttrykk for det folkelege. Eit tilbake-skuande perspektiv.

Tilbakeføringa dreier seg i dei fleste tilfelle om å gje bygningen eit førindustrielt uttrykk. Bygningen har gjerne gått gjennom mange endringar, ofte ein syklus på kring tretti år, med renoveringar, moderne tilpassingar osv. Det er altså sjeldan ein vil føre bygningen tilbake til 60-, 70- eller 80-talet. Desse tiåra vekkjer ikkje nostalgiske kjensler.

I kulturminneforvaltinga vert miljøargumentet sett fram når det vert snakk om tilbakeføring. Skal ein tilbakeføra, javel. Men kva med husmorsvindauga frå 50-talet? Er dei for dårlege? Må dei skiftast ut? Tilbakeføringstendensen vert såleis óg eit uttrykk for bruk-og-kast-samfunnet. Å vere kritisk til tilbakeføring er å vere kritisk til forbruksmentaliteten som pregar samfunnet i dag. Det er på tide vi tek ansvar for eigne handlingar. Javel, så skifta vi ut dei småruta vindauga med moderne husmorsvindaug på 50-talet. Vi får så leve med dei, det valet vi gjorde den gongen, i allefall til vindauga vert for gamle og vert mogne for utskifting. Ei anna sak får vere om ein skiftar attende til dei gamle vindauga som stod lagra på loftet. Eit poeng må vere å ikkje stimulere forbruket, eller den store mengda bygningsavfall. Bruk det som er brukeleg! Gjenbruk.

I nokre tilfelle vil tilbakeføring vere eit godt val, dersom ein kan grunngje og dokumentere kvifor, kva og korleis. Det kan vere ein bygning med høg arkitektonisk verdi, der den arkitektoniske heilskapen er viktig, og der det såleis er ønskjeleg at alle bygningsdelane «stemmer» tidsmessig og formmessig. Eller det kan vere bygningen inngår i ein større heilskap, som del av eit bygningsmiljø eller eit landskap.

Men kvifor skal ein sletta spor der ein gjekk feil? Vil det ikkje vere interessant å synleggjere desse for å unngå å gå omvegar og gjere nye feil i framtida? Og er desse spora eigentleg «feil»? Dei vert vurdert ut ifrå dagens estetikk og formforståing. Vil ettertida dømma oss på same måten som vi dømmer våre forgjengarar? Eit døme kan vere Riksantikvaren sine overilte tilbakeføringsprosjekt på Røros. Her vart estetikken i samtida rådande for forvaltninga av eldre bygningsmiljø.

Formidlingsverdien kjem då inn som eit mål for den lesbare bygningen. Vår bygningsarv er óg eit historisk dokument, og det er viktig å syna alle kapitla i historia. Ikkje minst for å peika fram mot vår tid, og inn i framtida. Kvant steg er viktig, kvar generasjon har føyd til og sett sitt preg. Inga tid eller tidsepoke har «monopol» på

sanninga, det «rette» uttrykket, eller kva det måtte vere. Det er kontinuiteten som er viktig. Dei bygde omgjevnadane våre har vore og skal vere i konstant utvikling. Slik samfunnet og mennesket sjølve ikkje er statisk, kan heller ikkje bygningane våre vere det heller. Tilbakeføring vert ei antievolusjonistisk konservativ haldning. Og kanskje forelda? For kven vil vel bu i ei osteklokke?

VERDISETTING

Kulturstyrelsen har fredningsgjennomgang i Danmark, og då er det viktig å gå systematisk til verks, og å leggja vekt på god metode.

Første fase er skildring, analyse og vurdering av bygningen

Trin 1 Beskrivelse af bygningen

- Opførelsesår
- Størrelse og omfang
- Topografisk placering
- Funktion (oprindelig og nuværende)
- Materialer
- Detaljering
- Historiske begivenheder
- Væsentlige ændringer
- Robusthed
- Symbolsk betydning

Trin 2 Analyse af bygningen

På baggrund af beskrivelsen vurderes bygningens grad af

- Oprindelighed (autenticitet)
- Helhed/intakthed (integritet)

Trin 3 Vurdering af bygningens signifikans

Bygningens grad af autenticitet og integritet kan nu sammenlignes med andre tilsvarende bygninger.

Dermed kan vi udlede bygningens signifikans – eller særlige betydning.

Neste fase er vernestrategi for dei freda bygningane:

Forebyggende arbejde

Istandsættelse og reparation

Konservering

Restaurering

Rekonstruktion/tilføjelser/ombygning

www.kulturstyrelsen.dk

AUTENTISITET

(med utgangspunkt i artikkelen “Arkitektorens autencitet”, av Grith Bech-Nilsen)

Objektivt om omgrepet autensitet
Arkitektur er, ifølgje Store Norske Leksikon:

byggekunst, utforming av ting, byggverk og anlegg i landskapet, sett enkeltvis eller samlet, med den betydning at de forskjellige miljøers praktiske og åndelige behov derved er tilfredsstillt og samordnet på en overbevisende måte, alt sett på bakgrunn av tilgjengelige resurser og rådende teknisk ferdighet. Alt fysisk menneskeverk kan således få rang av arkitektur.

Autentisk vert av same kjelde definert som:

ekte, opprinnelig

Bokmålsordboka skriv om same ordet:

(gr authentikos, av authentes ‘opphavsmann’) fullt ut ekte og påliteleg

Slik kan ein så gå ut ifrå at:

Arkitekturen er autentisk når det fysiske og menneskeskapte verk er ekte, opprinneleg og påliteleg

Subjektivt om omgrepet autensitet
Kva vil dette innebere? Når veit vi om verket me studerer er ekte, opprinneleg og påliteleg? Er det i det heile mogleg å vite? Er det slik at det som for nokre kan synast ekte og opprinneleg, vil vere det motsette for andre? Personleg bakgrunn og kunnskap påverker kan hende opplevinga og forståinga av verket?

Ein må i såfall gå ut ifrå at definisjonen ikkje er objektiv og eintydig: Autensitet er ingen objektiv storleik. Kva som er autentisk handlar om korleis vi subjektivt tek stilling til eit objekt.

Objektet, verket, arkitekturen les ein fysisk i tre dimensjonar. Tid vert kalla den fjerde dimensjon, og vert vesentleg i høve til definisjonen av autentisk arkitektur. Arkitektur vert påverka av tid, og vert slik foranderleg og dynamisk element. Tida bryt arkitekturen ned, stiller nye krav til bruk og funksjon, gir endringar i estetikk og stilretning. Er autensitet i arkitekturen såleis knytt til

noko dynamisk eller statisk? Døme: Kan eit byggverk frå historismen vere autentisk?

Fleire døme

Er autensitet knytt til tektonikk? Når eit trebygg er måla slik at det illuderer sandstein, er det då autentisk? Eller når tresøylene i eit bygg i røynda berre er kledning rundt stålsøyler? Kva når eit produksjonshallar endrar funksjon og vert konvertert til galleri? Utvendig vil det gi seg ut for å vere eit fabrikklokale, medan innsida syner noko anna.

Grader av autensitet: Er det snakk om grader av autensitet, som illustrerer tolegrensar for kor store endringar ein kan tillata før autensiteten er vekk? Korleis måler ein såleis tolegrensene til ein bygning? Kan ein fastslå det fysiske, ved at ein høg prosentandel av bygningsmassen er bevart? Men kva då med det resten, som òg er med å definera bygningen? Det kan vere korleis lyset fell gjennom sprikker og opningar, romverknad, romforløp o.l. Desse kvalitetane ved bygningen er vanskelege å måle, men kan vere viktige for autensiteten.

Autensitet knytt til stad (forankring): Når ein flyttar ein bygning, kva skjer så med autensiteten? Bygningen mister sin kontekst, og gjerne òg sin opphavslege funksjon med form og konstruksjon. Kan ein kalla det ei iscenesetjing

av autensiteten? Mange bygningar har vore flyktningar i sitt “liv”, og har endre kontekst og funksjon opptil fleire gonger. Er desse bygningane då mindre autentiske?

“Fragmentarisk autensitet”: Korleis skal ein forholde seg til autensitetsomgrepet når ein har å gjera med arkitektur som er fragmentert, t.d. der fleire stilperioder er representert? Er døra frå byggjeåret 1889 meir autentisk enn vindauga som vart sett inn i 1920-åra? Er noko meir verdifullt og “autentisk” enn noko anna, eller er alle stilepokar og tilføyningar jamvektige?

Signe Hommelhoff ved Dansk Kulturarv skriv avslutningsvis at spørsmåla stilt over har ingen klare og eintydige svar. Omgrepet autensitet har både objektive og subjektive dimensjonar. Denne kompleksiteten krev medvitne haldningar idet ein går inn i diskusjonar og handsaming av kulturminne. Haldningane bør avspegla om ein best kan formidla arkitekturen (kulturminnet) sin autensitet gjennom...

- ...ei restaurering (ein tilbakeføring/rekonstruksjon)
- ...ei instaurering (ei tilføyning av noko nytt)
- ...ein transformasjon (ei omforming/forvandling)
- ...eller kanskje ein kombinasjon?

EUGÈNE EMMANUEL VIOLLET-LE-DUC

1814-1879, fransk arkitekt og arkitekturteoretiker. Viollet-le-Duc begyndte i 1840 en serie restaureringer af bygninger fra middelalderen, og hans metode dannede skole i samtiden. Han analyserede nøje, hvad der måtte være den oprindelige arkitektur, og på det grundlag fjernede han tilbygninger i senere stilarter og foretog tilføjelser i den oprindelige stil, fx ved Notre-Dame i Paris (1845-64).

FIRE RESTAURERINGSMETODER

Allerede i desember tipser Sophie oss om ”Transformation 22 nye danske prosjekter”. Midt i mars dukker vi ned i boken, og finner ut at den tar opp mange interessante diskusjoner, diskusjoner som ikke blir tatt opp i Norge. Kanskje vi burde se litt hva våre naboer i sør driver med?

I artikkelen ”Elsk modstanden!” av Johan Fogh nevnes både verdier, visuelle soner og restaureringsmetoder. Fogh og Følners metode er å først kartlegge bygningens lag, tilblivelseshistorie og de viktigste bygningsdelenes alder. Deretter må man teste bygningens verdier, for å finne bygningens bevaringsverdi. En visuell sone er en del av bygningen som oppfattes i samme blikkfang.

Fogh sier at vi skiller mellom tre prinsipielt forskjellige restaureringsmetoder:

Type 1 ”tilbakeføring”

Type 2 ”bevarende restaurering”

Type 3 ”tilføjeelse”

Han beskriver disse som henholdsvis innbygging av nytt materiale i gammel formgivning, oppretting av gammelt materiale i gammel formgivning og innbygging av nytt materiale i ny formgivning. Den fjerde kombinasjonen, nemlig gammelt materiale i ny form – altså gjenbruk, er

i dag sjelden i motsetning til tidligere, og Fogh mener dette ikke er en restaureringsmetode. Marianne lurer på hva han egentlig legger i dette, og synes egentlig det burde vært mer gjenbruk av material i bygging i dag. Hvorfor ikke bruke tegl fra en annen plass, dersom det er tilgjengelig og man har lyst til å bruke tegl, fremfor å produsere ny tegl?

Tilbakeføring

Fogh legger vekt på at risikoen for historieforfalskning og pasticher er til stede når man driver med tilbakeføring, og at disse inngrepene er delvis forbudt i Venezia charteret fra 1964. Fogh og Følner mener at metoden ikke er forbudt, men at det stilles store krav til dokumentasjon.

Denne holdningen finner vi igjen hos Kulturminnefondet. De søknader som ber om støtte til tilbakeføring av for eksempel vinduer fra 60-talls utrykk til 1900-talls utrykk eller fra ståltak til torvtak, må det alltid dokumenteres at det har vært slik tidligere – i tillegg til at eksisterende vindu/tak er i så dårlig stand at det bør skiftes ut. Dokumentasjon skjer enten med bildemateriale, malerier, eller fysiske spor som en gjenmurt dør, fargearkeologiske undersøkelser, branntakster, gamle tegninger. En må alltid overveie om bygningens originale utrykk, eller et senere

stadium i bygningens historie, er det mer interessant enn bygningens historie med lag på lag. Et tilbygg fra et senere stadium bør ikke få vinduer tilbakeført til bygningens originale utrykk.

Metode for tilbakeføring: gamle teknikker vs. Nye teknikker med gammelt utrykk

Også Lars Roede diskuterer dette i artikkelen ”Hvordan skal vi verne gamle hus – som nå, som før, eller som aldri før?”, og går bakover i historien til da man restaurerte stavkirker til slik de burde være i følge den holdningen som var i tiden. *** MER

Bevarende restaurering

Fogh sier at bevarende restaurering ligger for de bygninger som er best bevart og krever mindre ombygging for nye funksjonskrav. Metoden krever kjennskap til den aktuelle byggeteknikk og materialer. I bygninger med mange historiske lag, kan man få et brukket bilde. Restaureringshistorikere, og Arnstein, kan elske en slik fortelling med ”lag på lag”, mens Fogh og hans arkitektkontor Fogh og Følner mener at det er en grense for hvor mange stilsift man kan ”kapere på kort tid”. Kan noen lag fjernes for å gi andre lag mer plass og ro?

Tilføyelse

Bygninger som har helt ”forbyggede” visuelle soner* uten selvstendige kvaliteter i forhold til bygningens bevaringsverdige helhet eller skal romme helt nåtidige funksjoner og installasjoner, passer til inngrep av type 3, tilføyelse. Inngrep av denne typen stiller krav til arkitektonisk dømmekraft, når det skal innføres nåtidige former og materialer som har arkitektoniske kvaliteter i seg selv, men som i skala og karakter respekterer bevaringsverdige deler av bygningen. (Fogh)
Inngrepenes art og omfang

Fogh og Følner mener at disse tre restaureringsteknikkene kan brukes i en og samme bygning. Enten avhengig av hvilken visuelle sone de tilhører, eller om det er originale bygningsdeler eller installasjoner.

Videre sier Fogh at ”Meget skræddersydsede planløsninger til den aktuelle funktion bør efter vores opfattelse undgås”, for å sikre en bred anvendelighet for fremtidig bruk. Slik kan funksjonen igjen endre seg. På samme måte bør det tenkes på levetider og bæredyktighet; bygningsdeler med kort levetid må kunne skiftes ut uten større inngrep i de bevaringsverdige bygningsdelene. Siden nye tilføyelser blir automatisk medfredet (danmark)

bør inngrepene ha en ”tidløshed, værdighed og slidstyrke”, med tanke på bygningsteknikk og stil. (Fogh alt sammen)

Strategiske eftertanker

Fogh mener at den visuelle helhet alltid skal vurderes høyest, og at ingen stilmessige prinsipper eller detaljer må stille seg i veien for arkitektonisk, vellykket helhet. Dersom man har mistet kvalitetene man i begynnelsen vurderte som bevaringsverdige, må man begynne forfra. Elsk motstanden, sier Fogh.

Transformation

Et nytt begrep, men gammel aktivitet. Fogh mener at vi bør ha respekt for det eksisterende. Fogh og Følner mener at rulle de seneste tre-fire bidragene av løperen ut og pålegge seg den oppgave å tilføre en seksjon som både spiller sammen med den forrige og samtidig refererer til sin samtid. (s 92)
(Keiding, Martin (Red.) 2011)

Verdier

Myklebust

Reigls verdisystem

Erindringsverdi

1. Aldersverdi
2. Historisk verdi
3. Ønsket/tilsiktet erindringsverdi

Samtidsverdier

1. Bruksverdi
 2. Kunstverdi
- a) Nyhetsverdi
 - b) Den relative kunstverdi

Frodl

- A. Historisk verdi
1. Vitenskapelig verdi
 2. Emosjonelle verdier
 3. Aldersverdi
 4. Symbolverdi

B. Kunstverdi

1. Kunsthistorisk verdi
2. Kunstnerisk verdi
3. Kunstnerisk virkning

C. Bruksverdi

Fogh

Kunstnerisk/arkitektonisk verdi

Autentisitet

Fortellerverdi

Antikvariske verdi

Minneverdi

Helhetsverdi

Arnstein

Man må alltid gjøre en forundersøkelse der man kartlegger verdier før man går i gang med en tilstandsanalyse.

Folk tror tilstandsanalyse er en teknisk ting, men den endrer seg utifra hvilket verdisyn man har.

Fogh:

”For at kunne bestemme bygningens bevaringsverdi har vi definert en sjekkliste med seks punkter, der som et minimum må avprøves på bygningens enkelte deler (...) Noen ganger stiller mindre interessante bygningsdeler seg i veien for, eller svekker, opplevelsen av mer bevaringsverdige deler. I så fall må restlevetiden for disse vurderes og en eventuell nedrivning overveies. Særlig interessante er de deler av bygningen som ikke har noe særlig bevaringsverdi, idet det nettopp er i denne ”komplementærmengde” at inngrep er mulig, og her bygningen kan ”bære” modernisering eller nåtidige tilføyelser”

Reversible løsninger, skreddersydde planer eller fleksibilitet.

Merete Lind Mikkelsen:

og fysisk planlegging, eller fokusere på grunnleggende historiske trekk i enkle eller komplekse områder.

Tilnærmingens fleksible, systematiske og transparente karakter gjør den spesielt egnet som prosess for å utvikle balanserte forvaltnings- og utviklingsstrategier. Analysen kan anvendes som kunnskapsunderlag i:

- Kulturminne-, miljø-, landskapsforvaltning på alle nivå
- Areal- og trafikkplanlegging, fra oversikts- til detaljplan-nivå
- Konsekvensutredning av programmer, planer og prosjekter
- Samfunnsplanlegging på regionalt og kommunalt nivå

TIDSPERSPEKTIV

Kva tid når huset sitt høgdepunkt?


Når er bygningen på sitt beste?

Er det når det er nybygd? Nyrestaurert? Nyoppussa?

Er det ein konstant (ein flat graf)?

Er det mange høgdepunkt? Følgjer topp- og botnpunkt samfunnet sine konjunkturar?





Er det avhengig av eigaren? Av bruken?



DIVE

Kan vi bruke ei tid/rom-matrise til å forklara/skildra Rognan i tid og rom? Dvs historisk utvikling på ulike nivå.

Tid/rom-matrisen er anvendelig som verktøy i alle analysetrinnene, som kunnskapsoversikt og grunnlag for å diskutere analyseområdets karakter, betydning, verdier/muligheter og handlingsrom. Vertikalt (langs tidsaksen) representerer matrisens kolonner analyseområdets utvikling, både kronologisk og tematisk. Horisontalt vises utviklingen på ulike undersøkelsesnivå (flyhøyder).

TEMA		ROM				
		Undersøkelsesnivåer Samfunn, landskap, bygd miljø				
T I D	Analyseområdets kulturhistoriske:	Overordnet kontekst, struktur, miljø, element	Kontekst, struktur, miljø og element -områdenivå	Kontekst, struktur, miljø og element - lokalt nivå	Kontekst, struktur, miljø og element - detaljnivå	
		<ul style="list-style-type: none"> • Karakter • Betydning • Verdier/muligheter • Handlingsrom 				
	Fremtid					
	Nåtid					
Fortid						

PROBLEMSTILLING

	----->	----->
HALDNINGAR Restaureringsideal	VERDIAR Verdisetting – eit verkty Økonomisk verdi? Vårt verdisett	FOKUS Tektonikk Materialitet Handverk Tradisjon Identitet Stad Kystkultur (båtbygging)
Me vil utfordra haldningar.	Me vil gjera vurderingar av verdier. Me vil koma fram til verdisett. Me vil at verdivurderingar skal gi oss fokus.	Me vil retta fokus mot verdier knytt til det lokale, det kulturelle. Me vil såleis vekk frå fokuset på økonomi og profit, som har tvunge fram byggjemetodar basert på låg kvalitet, høgt tempo og kort levetid.

NOTATER

- Identitet
- Historie
- Om pilotprosjektet
- Stedsanalyser: Rognan // Rognanfjæra – overordnet, skjematisk
 - Infrastruktur etc
 - Funksjoner (i soner), viktige funksjoner
 - Områdets kobling til sentrum
 - Funksjoner/Aktiviteter i fjæra (tidligere, nåværende)
- Avgrense oppgaven 1: Ta valg med utgangspunkt i stedsanalyser
 - Rolle i byen
 - Mål for Rognanfjæra
 - Bestemme overordnet funksjon i området: 1:5000 / 1:2000:
 - A.Vi lager ”Kommuneplanens arealdel”, vi er byplanleggere
 - B.Scenario basert på ”fargekoder” i planen
 - C.Slik kan vi være kritisk til byplanlegg i Norge i dag. Bør det være mer fokus på kulturminner? Hvordan?

- Avgrense oppgaven 2: Situasjonsplan 1:500

- Utgangspunkt i et/flere scenario:

A.Kobling til byen, adkomst, viktige punkt

B.Helhet i området, sirkulasjon, sikt

C.Se på bygningene som ”punkt”, og sette ut funksjoner utifra hvor de passer i området/i forhold til byen, og ikke utifra hva bygningene ”passer” til (strategien til saltdal kommune). Da kan vi, i neste fase, teste tålegrensen til de utvalgte bygningene. Vi kan da legge våre holdninger til side mens vi foreslår funksjon. Hva krever funksjonen? Lage skisseprosjekt. Verdianalyse. Hvilke verdier er sveket, forsterket i de ulike utkastene?

- Avgrense oppgaven 3: Hvor mange/hvilke bygninger skal vi fokusere på?

- Valg må komme fra problemstillingen

A.Hva vil vi undersøke? Hvorfor?

B.På hvilket nivå?

- Still spørsmål ved strategien: ”vern gjennom bruk”

- Ønsker vi å aktivisere området? Hvorfor? Konsekvenser
- Hvilke følger får bruken for området? For bygningene?
- Hva er viktigst? Vern eller bruk?

- Hvem skal bruke området?
- Hvor stor aktivitet kan området tåle? Kapasitet
- Vil aktivisering av rognanfjæra trekke folk ut av sentrum? Er dette positivt/ negativt?
- Hvor skal aktivitetstyngdepunktet være? Sentrum? Fjæra? Har vi nok folk til å aktivisere begge?
- Må vi svare på disse spørsmålene i forarbeidet?

7.05.12

Marianne hadde avtalt møte med Eir kl 1300. Me møttest i forkant til lunsj i kantina, og prata om helga, og om kva me ville ta opp med Eir. Marianne hadde gjort «leksa» si, og hadde konkretisert mykje. Me sette opp nokre hovudtema me tykte det var viktig å få diskutert. Desse var: alternativ rettleiing (Sophie, evt Arnstein), om «juniblokk» - korleis få studiepoeng for analysearbeidet, om forarbeid – spissing av problemstilling. Me hadde på førehand formulert nokre alternative problemstillingar med metodar.

Alternativ 1) Båtbyggjeri. Ta utgangspunkt i kommunen sine ønskje. Situasjonsplan. Ta utgangspunkt i kommunen sitt «romprogram» (forprosjektet). Vere kritisk, velje program for bygningane ut ifrå «kva dei passar til». Haldningar og verdisett er ikkje medvite i forprosjektet. Kan vi gjere noko betre?

Alternativ 2) Gjere DIVE-analyse. Sjå på byplan, reguleringsplan for området. Dukke ned eit nivå, i situasjonsplan. Sjå på romprogram for fjøra, adkomst. Funksjon i dei ulike bygningane vert sett ut ifrå kontekst, og ikkje kva bygningane «toler».

For dei to alternativa må vi gjere val i høve til kva nivå vi gjer studia på. Skal vi fokusere likt på alle 12 bygningane,

eller skal vi konsentrere oss om eit – to – tre enkeltbygningar?

Dette var utgangspunktet for samtalen. Eir starta med å snakka litt om essayet som ho hadde gitt ein omgang med raudblyanten. Ho viste til rapporten, og me snakka om opphaldet på Kulturminnefondet. Me var svært positive, og Eir uttrykte ønskje om å fortsetja dette samarbeidet. Vidare la Marianne fram spørsmåla me hadde formulert på førehand. Eir stilte seg positiv til eit sjølvprogrammert kurs med analyse i juni. Dette har fleire gjort før (td Oda og Mari). Me må passa på korleis me formulerer og titulerer kurset, slik at det ikkje får namnet «tilstandsanalyse» då Marianne ikkje kan få studiepoeng for same kurs to gonger. Eir vart gira og snakka om «ei pakke» med ulike komponentar, der analysekurset dannar grunnlaget for sjølve prosjekteringa som skjer til hausten. Viktig å få nok tid til prosjektering. Ho la fram forslag om å knyte det opp mot Kulturminnefondet. Kanskje me kunne studera ein bygning der fondet er involvert? Sjå på konsekvensar og effektar av fondet sitt arbeid. Kirsten lurar på om me då må bør velja å fokusera på denne bygningen i prosjekteringsfasen, då analysedelen har gitt oss eit grunnlag for ein spesifikk bygning.

Neste post på programmet: Rettleiingar. Me snakkar om kven me kan/bør ha som birettleiingar. Kva med Finn? Eller skal me bruka Sophie frå Kulturminnefondet. Eir gir oss fasiten: Me bør velja Sophie. Me kan uansett sjå på tektonikk om det er det me vil.

Så kjem me omsider til det me sjølve oppgåveformuleringa. Me lanserer dei to alternativa (lagt fram litt uryddig). Me nemner DIVE-analyse, og korleis me vil trekkja inn overordna byplanmessige forhold i oppgåve. Eir advarer oss mot å la denne delen ta for stor plass. Det er viktig med avgrensing, å vita kor ein skal leggja fokus. Er det ei byplanleggjingsoppgåve? Det er lett å gå seg bort. Eir anbefalar å ta føre seg éin bygning, og prosjektere. I teikning vil ein oppdage mykje, og setje i gang mange diskusjonar.

Det er viktig å vere medviten kva nivå ein legg seg på. Kva vil ein undersøkje? Tid er ei avgrensing.

Me kjem óg inn på metode. Eir seier det er viktig å utleie alternativ. Teikn! Diskuter etterpå. Det er betre å diskutera noko konkret – ikkje minst når ein skal kommunisera med andre (rettleiingar td). Ikkje vent med å teikna!

Inntrykket me sit att med etter samtalen med Eir er at me

er på rett spor, men at me treng å spissa problemstillinga. Me treng eit hierarki, og å gjera eit val i høve til kva nivå me gjer prosjekteringa på. Skal me fokusere på ein bygning? Eir gav tydeleg uttrykk for at det er lurt å koma ned i detalj. Kanskje ein eller eventuelt to bygningar er passe?

GODT SAGT I

“First we shape our buildings, then they shape us”

— Winston Churchill, 1943

GODT SAGT II

“First we shape our buildings, then they shape us, then we shape them again-ad infinitum”

— Stewart Brand, 1994

FORSØK PÅ Å FINNA EIGE VERDISETT

•Narrativ verdi/forteljarverdi - seier noko om kva bygningane fortel, om dei historiske laga

•Bruksverdi - finne ein god bruk av bygningane som følgjer samfunnsutviklinga. Gir noko attende til lokalsamfunnet

•Identitetsverdi - spesifikt for Rognan. Rognanfjæra som føresetnad for utviklinga av tettstaden. Viktig at identiteten til bygningane vert ført vidare.

•Kvalitetsverdi - knytt til material, byggjeskikk, handverk

•Miljøverdi - handlar om samanheng, heilskap (korleis bygning, bygningsmiljø, by, region dannar ein heilskap)

•Samtidsverdi - vårt bidrag. Kva fortel det vi gjer om i dag, om tida vi lever i? Kan vi leggje noko (bra) til historia? Kva legg vi til?

•Aldersverdi - forfall, patina. Korleis kan ein sjå alderen til bygningen? Slitasje, prega av vår og vind, av bruken.


•Arkitektonisk verdi - Estetikk, proporsjonar, utsmykking, lys, planløsning, romverknad, utsyn, innsyn

•Fysisk tilstand - kva er den fysiske tilstanden? Teknisk.

Er det for mange? Kva kan me stryka? Kva verdier er viktigast?

VÅRT VERDISETT

- Narrativ verdi/forteljarverdi - seier noko om kva bygningane fortel, om dei historiske laga
- Bruksverdi - finne ein god bruk av bygningane som følgjer samfunnsutviklinga. Gir noko attende til lokalsamfunnet
- Kvalitetsverdi - knytt til material, byggjeskikk, handverk
- Aldersverdi - forfall, patina. Korleis kan ein sjå alderen til bygningen? Slitasje, prega av vår og vind, av bruken.
- Arkitektonisk verdi - Estetikk, proporsjonar, utsmykking, lys, planløsning, romverknad, utsyn, innsyn



15.04.12

Idag har vi tatt to store skritt:

A.Vi har valgt bygningsgruppe med forslag til fokusbygning(er). Ikke helt definert ennå altså.

B.Vi har satt oss et verdisett med fem verdier

VALG AV BYGNINGSGRUPPE

A Liengnaustet + B Nerverkstedet + C Drageverftet + D Skipet (usikker på om det er permanent et båt der)

Hvorfor?

- Området er interessant fordi det har en variert bygningsmasse, med ulik materialbruk, form og uttrykk. Vi trodde også at bygningene var fra veldig ulik tid, men det viser seg at de egentlig er bygget med omtrent ti års mellomrom.

- Området er sentralt i Rognanfjæra, og kan bli interessant i forhold til adkomst. Bygning C henvender stikker liksom litt inn i resten av byen.

- Området er variert, med fjære og betongkai.

- Området er noe uavklart. Øst for bygning B og C er det et stor rom, som blir avgrenset i øst med et stort skip (D).

- Alle bygningene er kommunale, og blir lite brukt.

Hvorfor bygning A Liengnaustet?

- Vi trodde at Liengnaustet skulle være et av de eldre bygningene, men det er (bare) fra 1960. Likevel skiller det seg ut fra bygningene de andre bygningene fra 1970. Vi tror det vitner om ulike epoker eller teknikker eller former for båtbygging, noe som er variert nok for oss.

- Materialbruk: tre

- Uklimatisert

- Uten vinduer

- “Forvokst naust”

- Ønsker om å verne

Hvorfor bygning B Nerverkstedet?

- Stort åpent rom, kontrast til lagerbryggene

- Lifter i taket

- Vinduer

- Store garagedører i hver ende

- Lecablokker (eller tilsvarende)

- Elektrisk anlegg

- Spor: har vært saltak inntil arbeidsulykke

- Fra 1970

Hvorfor bygning C Drageverftet

- Den største bygningen, i konkurranse med Saltdalsverftet

- Variasjon i rom (arbeidshall, kontorer, garderober)

- Tydelig i situasjonen med sitt volum og beliggenhet

- Avgrenset fra vannet med bygning A og B

- Henvender seg mer mot byen, selvom det er store garagedører mot sjøen

Hvorfor ikke:

- 1 Roganbryggene: Lager/tidvis konsert/pub/utstilling.

For åpenbart, identitet for område. Vil bli tatt vare på

- 2 Hansenaustet: Privat, i drift

- 3 Saltdalsverftet: Kommunalt, i bruk til reoperasjon av båter

- 4 Laminatverkstedet: Privat, i bruk

- 8 Dragebryggen: Privat, i bruk til trebåtbyggeri

- 9 Skur, husker ikke

- 10 Dragesaga: Kunne vært interessant

- 11 Laftet hus, husker ikke

- 12 Haagensenverkstedet: Kunne vært interessant

Vi ser at vi synes de bygningene som er tydelig utav bruk er de mest interessante. Kanskje fordi vi synes det er vanskelig å ta for oss bygninger som har brukere, med klare meninger? Selvom bruken skal fortsette kan det by på utfordringer som modernisering av drift, etterisolering etc., men dette virker som en litt for kjedelig og realistisk oppgave. Det blir vanskeligere å teste ut ting. Kai Linde

har uttrykt at han gjerne vil gjøre noe med det ene huset sitt, men vi merker at det ikke frister så mye å være på oppdrag for han.

Med det som et ønske, å ta bygninger uten bruk (utover lagring), koker det ned til.

- 1 Rognanbryggene
- 5 Liengnaustet
- 6 Nerverkstedet
- 7 Drageverftet
- 9 Skur, husker ikke
- 10 Dragesaga
- 11 Laftet hus, husker ikke
- 12 Haagensenverkstedet

Videre er utgangspunktet å ta bygninger som ligger ved siden av hverandre, og som er varierte. Da har vi bygning 5, 6 og 7, eller bygning 10, 11 og 12.

Derfra valgte vi utifra områdets beliggenhet. Området 5, 6 og 7 ligger mest sentralt, og blir slikt "viktigst" for fjæra, føler vi. Videre virket det mer spennende, med fjære, kai og dessuten et helt skip!

Målet for bygningsgruppe nivået er å lage en utforming

for området, og få fasadediskusjon for bygning A, B og C.

VALG AV BYGNING(ER)

Dersom vi jobber med to bygninger på detaljnivå og bygningnivå, kan vi kanskje klare å få opp litt ulike diskusjoner og få testet ut forskjellige ting. Drageverftet C blir en oppgave i seg selv, så derfor vil vi dykke inn i Liengnaustet A og Nerverkstedet B. Bygningene er ganske enkle, med hovedsaklig ett rom, det har vært én båt av gangen inni begge (?). De er likevel forskjellige: En med flatt tak, en med saltak, en i betongblokker, en i trekonstruksjon.

Hva er målet for bygningsnivå og detaljnivå?

•Hvordan blir det om vi velger én bygning, hvordan blir det om vi velger to bygninger?

VERDISETT

Vinnerene ble

- Fortellerverdi
- Bruksverdi
- Kvalitetsverdi (Material og håndverk)
- Aldersverdi

•Arkitektonisk verdi (rom, lys, planløsning, estetikk...)

Bør vi ha et hierarki når vi diskuterer?

Disse setter vi inn i et Møller-diagram. Eller skal vi finne opp kruttet på nytt?



ROGNAN

Registereringar - oppmåling - dokumentasjon - informasjonssanking - intervju

6.06.12

Gjenforeningsdag i Rognan! Marianne kom allereie tysdag med tog frå Trondheim, og vart kompis med lærlingen til Kai. Han heiter Mattis og er litt tysk men mest irsk, og snakkar flytande svensk. Kjempekar. Marianne og han laga middag saman i går. Me har trua på at me tre vert eit bra kollektiv.

Ettermiddagen sat me litt på kafe, gjekk ein tur innom biblioteket, og fekk dessutan tid til eit møte med Liv Krane. Me hadde eit lite møte på kulturkontoret der me spurte henne om diverse saker og ting me lurte på. Blant anna nemnte ho sykkelveg som går på vestsida av Rognan, og som kan trekkja turistar. Kanskje kan det koplast på Rognanfjóra? Ho fortalde òg om kvernsteinsbrotet på austsida av fjorden. Dei kunne datera brotet til omlag 800 år e.Kr. Dvs båtbyggingshistoria er etter alt å døme like gamal. Dei trong båtar for å frakta stein.

7.06.12

Arkivdag. Me stakk ein tur på rådhuset og helste på ein kar som heiter Frode Tjønn (arealplanleggjar i kommunen). Han var hjelpsam og grei, og henta fram den eine arkivmappa etter den andre med gamle teikningar av bygningane i fjóra.

Me fekk låna mappene, og tok dei med ned til kulturkontoret. Der sat me og kikka gjennom og noterte årstal og sorterte informasjon. Me fekk ei slags forståing av til kva tid og korleis utviklinga hadde gått i Rognanfjóra. Den same infoen fann me seinare i tilstandsrapporten til Arnstein. Me må altså vere flinkare til å gjera leksene våre...

Kvelden diskuterte me eventuelle hovudgrep for fjóra. Korleis skal ein bevega seg gjennom fjóra, korleis vert ein leia frå eit bygg til eit anna? Skal ein ha ei orienteringslinje bak bygga, langs fjóra, eller er det ikkje viktig i det heile? Kan ein setja opp infotavler som forklarar historia, som på eit folkemuseum? Eller bør det vere ei utstilling e.l. som formidlar og introduserer historia for besøkande? Me er ikkje sikre på kva eller korleis eit slikt overordna grep bør vere.

Kai er skeptisk til for mykje tilretteleggjing. Han meiner folk klager på at der er så "rotat", men at det er slik det

må vere. Han visar til naustet i vestfjóra, der dei reiv fleire bygningar og la plen i staden. Plen! Kai meiner det er "tollat".

Me er litt usikre på båtbyggjarmuseet. Er det for stort? Må alle bygningane vere med? Er det slik at rognanfjóra=båtbyggjarmuseum? Kan det tenkjast at museet er i ein, to eller tre bygningar, og at vest- og austfjóra kan koplast til som døme på trebåtbygging (aust, Kai), og større båtar med skrog i jern og stål (vest, Saltdalsverftet).

8.06.12

Ny arkivdag, denne gongen i fotoarkivet. Kai hadde tipsa oss om ein perm han hadde laga med kopiar av interessante foto frå arkivet. Denne kunne me bruka for å effektivisera arbeidet. Me fann mange bilete og skanna i veg. Etterpå køyrde me teikningane me fann i går gjennom skanneren. Dei må redigerast noko. Marianne starta på redigeringsarbeidet, men det står ein del att.

På ettermiddagen skein sola, så me fann ut det var best å gå ein tur. Fyst hjalp me Kai og Mattis med flytting av ein båt.

9.06.12

Heile kåken for oss sjølv i dag. Det feira me med lang frukost før me gjekk i gong med oppmåling ute. Me gjekk laus på piren/kaien framføre Nerverkstedet. Marianne teikna og Kirsten var måleassistent. Det gjekk ganske ok. Etterpå gjekk me inn og heiv saman litt middagsmat som fekk kosa seg i omnen medan me knota på data. Marianne teikna inn i autocad, og fann ut at fila me hadde fått var ganske nøyaktig. Yes! Dvs me har gode mål å stola på.

ARKIVSØK

DRAGE

1920 - Haagensten

1920 - Dragesaga

1930 - Dragebryggen

1948 - Dragesaga. Tegninger 1:100. Taktekking bølgeblikk. Bygget først i 1920, brant ned i 1948, nye tegninger, men samme bygning.

1948 - Utdeling av parseller. Før dette, mange laftehus i fjæra, båtbygging utenfor (mellom hus og vann). 7 parseller tegnet opp, 4 ble solgt, og 3 av dem ble bygget på: Naust.

1949 - Tidlig Drageverft. Tegninger. Ligner Haagensten med tilbygg.

1958 - Plateverksteden (nå Nerverkstedet). Tegninger i 1:50. Saltak, sperrebind, bølgeblikk, ensteins parallellblokk, sprossevinduer

1971 - Administrasjonsbygget/"velferdsbygget". Teg-

ninger. Kontor, hybler. 4 etasjer.

1973 - Plateverkstedet blir foreslått ombygget til maskinverksted (nå Nerverkstedet). Søknad om å flytte Liengnaustet for å få plass til byggehall tilknyttet Administrasjonsbygget, vedtatt men ikke gjennomført.

1976 - Område. Kart over kraner. Viser vei og maskinverksted mellom plateverksted (Nerverkstedet) og Administrasjonsbygg, arbeidhus øst for maskinverkstedet. Skissert inn nytt plateverksted (1. byggetrinn) og byggehall (2. byggetrinn).

1976 - Drageverftet forslag 1. Plan, snitt, fasade 1:100. Plateverksted og byggehall. Ikke gjennomført.

1977 - Drageverftet forslag 2. Tegninger 1:100. Ligner dagens Drageverft.

1977 - Ferdigattest. Leca, plastsøpt betong, mekanisk ventilasjon.

1979 - Nytt bygg, lager, foreslått på Nerverkstedet.

1981 - Reguleringskart. Plan 1:1000.

1981 - Lager (Nerverkstedet). Tegninger 1:50. Flatt tak, korrugerte plater, bærende konstruksjon i stål, lecablokker.

1981 - Ferdigattest.

OLSEN

1959 - Naust. Tegninger 1:50.

1969 - Laminatverkstedet. Byggetillatelse. Tretakstoler, åser, bølgeeternitt, aspestplater, diffusjonstett appm betong*stein, styroporisolering, tresonitt (innvendig kledning)

1970 - Forlag til utbygging av båtbyggerareal.

1974 - Laminatverksted, riving av eldre bygg.

1982 - Riving av bygg (trolig naust, for å bygge Salt-dalsverftet).

1982 - Salt-dalsverftet. Plan, snitt, fasade 1:100. Metallplater i tak, stålplater i yttervegg, plastsøpt betong.

1983 - Ferdigrapport, innflyttingsattest

1985 - Ny port til Salt-dalsverftet.

10.06.12

Oppmåling og CADtegning.

Vi henter mål vi glemte å ta på kaien. Foto.

Nivellering av Nerverkstedet, type slange med vann, merke av vannstand, måle opp og ned derfra.

Oppmåling av slippet mellom Drageverftet og Liengnaustet. Vanskelig!

11.06.12

Oppmålingsdag

11.06.12

Oppmålingsdag

12.06.12

Kulturkontoret. Indesign med arkivfoto. Skanning av arkivtegninger som manglet, sette sammen tegninger. Begynte på indesign med arkivtegninger. Disse indesignfilene skal bli vedlegg til rapporten.


13.06.12

Næringsjefen i Saltdal Kommune, Ivar Skogset, var grei å snakke med. Anders Krane klippet låsen på Liengnauset og satte på en ny, som vi nå har nøkkelen til. Vi tittet inn i Liengnauset og ble overveldet, fikk på Rema. Vi begynte å registrere uteområdet, måle opp sør for Liengnauset og ta bilder. Tok lunsj, bakte rundstykker. Kai snakket om båtbyggermuseet, Kirsten fortsatte å registrere, og Marianne satte sammen pandoramabilder.



14.06.12

Oppmåling av Nerverkstedet, innvendig. Satt i CAD til seint på kvelden. Kirsten var veldig ivrig på å bli ferdig med Nerverkstedet.



15.06.12

Me har oppmålingsteikningar å skanna, og det er godt me miljøforandring, så me set oss på kulturkontoret.

Arnstein ringjer i titida og lurar på om me vil eta lønsj me han. Det kan me godt, og me møtest til felleslønjen på Kulturkontoret. Etter dei andre er gått får me ein lengre prat med Arnstein, og det kjenst bra ut. Han forstår oss betre enn nokon av dei andre på Rognan, og legg mindre press på oss i høve til kva kommunen kan få ut av oppgåva. Arnstein representerer ein motpol til Kai, og det er godt å høyra andre sider av sakane. Arnstein er som alltid travel, så både han og me må tilbake til andre oppgåver.

Marianne redigerer og set saman foto frå arkivet. Dei vert til fila «Vedlegg foto». Me kikkar på kartet me fekk frå kommunen. Det manglar koter. Kva skal me gjera med det? Kor mange koter treng me? Me finn kommunekart på nett, og dei har einmeterskoter. Det får halda mein-er me, men me bør ha vektorisert kotekart. Kirsten set saman byggesaksteikningar me skanna tidlegare. Desse skal etter kvart inn i eiga InDesignfil og bli eit hefte, slik som foto frå arkivet. Kommunen tek helg tidleg, så då går me óg.



18.06.12

Oppmåling Liengnaustet. Me har kvidd oss lenge for å ta fatt på Liengnaustet. Det verkar komplisert og omfattande, samanlikna med Nerverkstedet. Sistnemnde tok lang tid, og me ventar at Liengnaustet ikkje vil krevja mindre.

Marianne teikner og skriver, Kirsten spring me måleband. Me finn raskt ut at me må forenkla, om me skal koma i mål. Dvs me måler opp to typar konstruksjonsrammer, og adderer desse. Ei anna forenkling er at me ikkje måler opp begge langveggane, berre vestveggen, og speglar så denne mot aust. Me reknar altså med at konstruksjonen, senteravstand osv er meir eller mindre lik for begge sider. Vidare finn me ut at dører og slikt kjem til å ta tid. Kan me kanskje basera ein del av teikningane på foto? Alt rotet gjer uansett mykje oppmåling vanskeleg. Me manglar såleis mange mål, ikkje minst diagonalar!

Me lurar litt på hemsen. Kor tid vart den bygd? Den ser ut til å sperra for den store dørøpningen mot nord og fjøra. Kan den vere bygd i seinare tid, etter ein slutta med båtbygging? Kva er funksjonen? Vart den kanskje nytta til bygging av større båtar, som eit stillas for å kome opp i høgden? Er det då ein opningsmekanisme som gjer at ein kan løfta hemsen når ein skal ha båtar inn og ut

(nordveggen)? Me pratar me Kai i lønsjen, men han veit ikkje sikkert. Han vert med bort seinare og kjem med sine teoriar. Han meiner den er komen i seinare tid, for opning av døra er ikkje mogleg med hemsen framføre. Han pratar om konstruksjon og spanteplan. Kven jobba her, undrar han, og oppfordrar oss til å ta kontakt med gamle båtbyggjarar. Kanskje dei veit noko?

Oppdatering: Ein telefonsamtale seinare (initiert av Kai) med formann på Drageverftet, gir oss oppklarande svar. Trebåtbygginga i Liengnaustet tok slutt tidleg på 60-talet, og bygningen inngjekk i Drageverftet. Den vart då lagringsrom, og hemsen gjorde at ein fekk nytta rommet betre. Altså har hemsen lite med båtbygging å gjere.

Marianne startar å teikna i autocad. Kirsten måler og skisserer spikerslag og relieffar i veggen. Marianne lurar visst på om Kirsten er i ferd med å bli autist.



19.06.12

Oppmåling Liengnaustet. Me sjekkar mål som manglar, og går inn i skuten (halvtåka på vestsida). Her er det lagra mykje material, og me oppdagar ein femte fasade! Veggen mellom hovudrommet og skuten er måla raud, med kvite lister rundt vindaug. Ei dobbeldør, og ei flott fiskebeinsdør vitnar om andre inngongar til hovudrommet. Desse dørene kan ikkje nyttast no pga «hemsen» på innsida. Kirsten måler og teiknar fleire vindaug. Mykje å teikna nå.

20.06.12

Dagen startar med møte med Ivar og Liv på Kulturkontoret. Bra møte! Mykje snakk om Drageslipen. Kirsten veit framleis ikkje kva båtbyggjarmuseum er for noko. Ho får ingen tydelege svar. Me spør etter nøklar til Drageslipen. Er det mogleg å få koma inn og ta foto og nokre mål? Det skal la seg gjera, meiner Ivar. Me kan treffa han seinare på dagen.

Etter møtet held me oss på Kulturkontoret. Me driv med skanning av avisutklipp og oppmålingsteikningar.

I eittida møter me Ivar utanføre Drageslipen, og han låsar oss inn. Me får ein gaida tur rundt i bygget. Etterpå går han, og let oss ha nøklane til neste dag. Me går i gang med tilstandsanalyse, oppmåling (kontrollmål) og fotografering. Me har printa teikningar på Kulturkontoret tidlegare på dagen, og det gjer saker og ting litt enklare. Marianne lagar eit system og kartlegg endringar i kvar etasje. Ho nummerer romma for lettare å skilja dei seinare. Det vert ein lang tur gjennom bygningen. Me vert godt kjende med material, dimensjonar og lukter. Ikkje alt er like bra. Me tek ein middagspause etter nokre timar. Når me kjem attende, sit ein gjeng og har konfedensielt styremøte i kafeen. Me listar oss forbi, og fortset med vårt. Ein av styrekarane kjem etter oss og lurar på kva

me held på med. Ingen problem, me er berre studentar som skal måle og fotografere bygningen. Ein annan kar kjem inn ei anna dør like etter, og gir oss nøklane til «det aller heilagaste» i fjerde etasje. Kirsten festar gullnøkelen på knippet til Ivar. Det vert mykje tilstand og mange inntrykk. Me får mange teikn (frå Gud?) på at det er på tide å gi seg. Laseren streikar, minnekort vert fullt, og batteri på kamera vert utlada. Men me held koken, og går nøgde heim kvart over ti.



21.06.12



Dagen startar med fotografering av fjerde etasje (Drag-eslipen). Me låsar bygningen, og Kirsten spring over til Ivar med nøklane. Det er meininga at Marianne skal over til Liengnaustet i mellomtida, slik at me kan møtast der og gjera tilstandsanalyse. Det går ikkje. Liengnaustet er låst. Ikkje av oss, for me gløymte nøkkel og hengelås i naustet for fleire dagar sidan. Det må vere nokon andre.

Kva gjer me då? Svar: Gjere tilstandanalyse av Lieng-naustet frå utsida. Nerverkstedet kan me framleis analysa. Det vert mykje vurdering av tilstand, fotografering av skader, og skissering på fasadeteikningar. Midt på dagen børstar me støv av oss, og møter journalisten frå Salt-enposten. Ho stiller nokre spørsmål, og me svarar etter evne. Me sprudlar ikkje akkurat, så det vert spanande å sjå kva ho får ut av dette. Ho knipsar oss i ulike settingar. Me skal få avisa tilsendt i posten, lovar ho.

Kai kastar seg over oss ved eit kvart høve for tida. Han veit jo me snart skal reisa, så då gjeld det å overausa oss med sine tusen idear og planar. Det er aktivitetskube han snakkar mest om nå. Folk må heisa tau, leika seg i simulator og ha basseng («alle likar vatn»). Det skal altså vere båtsjytte, basseng i Nerverkstedet, med tau og reip hengjande frå taket, og ein båtsimulator der det bles vind

og sprutar vatn. Me er litt skeptiske.

22.06.12

Siste dag. Pakking og vasking. Marianne joggar, og Kirsten handlar inn mat og vin (til Kai). Me hiv i oss løn-sj, og Kai ser sitt snitt til å servera oss sine ferskaste idear. Han får vin og ber om å få oppmålingsteikningar. Me får sjå korleis det vert, seier me. Me er berre studentar osv. Han spring av gårde i eit møte.

Me seier hade til Mattis, og spring avgårde. Me får levert arkivmapper, og sleper oss opp til stasjonen.

På toget sit me og diskuterer idear til ny bruk av bygningane. Me snakkar om korleis bygningane kan knytast saman. Kva bygning skal ha kva for ein funksjon og bruk? Kulturhus i Drageslipen? Kor skal inngangen vera? Kva med heis? Kan hallen fungera som eit «torg» og hovudad-komst? Kan ein bruka konteinrarar slik me såg utanføre Samfunnshuset (Rockekonteinar)? Kan kranene i taket løfte desse? Det kan kanskje gi fleksibiliteten stor hall vs mindre rom. Me ynskjer ikkje å dela opp hallen med skiljeveggar, slik kommunen har ymta om. Me meiner ein må kunne få til noko bra her, noko betre enn det forsøka til no har vist, som dei nye toaletta og «oppussing» (kvit spraymaling). Kva me uteområda, korleis kan dei utviklast? Kanskje kan det stå båtar langs kaien? Slike båtar som har vorte bygd på verfta, som folk kan få om

bord i, og som tek turar ut på fjorden. Kan det koma ei kran på plass på dei gamle skinnene? Det er spanande å sjå slike konstruksjonar i bruk. Me vart sjølv fasinerte av å kikka på slippet ved Olsen i bruk. Kanskje kan kranane vere «oppslagstavle» som annonserer og blester om arrangement o.l.? Mange idear. Me burde kanskje skissera? Uansett lovar dette godt for hausten!

Marianne skriv:

Kan nye former - for eksempel kjøkken og toalett i Nerverkstedet Café, rampe i Liengnaustet, klimatisert kjerne i Drageverftet, nybygg - være inspirert av båtbyggingen i Saltdal, i form og/eller material? Kan disse bli bygget av båtbyggere?

Kan det eksisterende stillas/trappesystemet i Drageverftet gi tilgang i høyden til konteinerne?

Skal vinduene i liengnaustet restaureres skiftes ut til nye, lignende vinduer eller skiftes ut til vinduer "av vår tid"?

Kan en av båtene på vannet restaurant eller café, som legger til kai når den åpner for sesongen?

Bytte ut ødelagte porter med glassfelt med inngangsparti som inviterer inn i Drageverftet og Nerverkstedet.


Liengnaustet båtmuseum: Inngangsparti i materialskytten, inngang fra sør mot rema, liten utstilling. fjerne hems i byggehallen, komme inn den fine fiskebeinsdøren, bygge rampe som gjør at du kan se båten fra flere høyder.

INSPIRASJON

Konteinar.

Kanskje me kan ha konteinrar som me flyttar rundt på med kranene? Inne i verkstadhallen på Drageverftet?

Prosjekt Freitag Shop i Zürich



INSPIRASJON

Kranen. Kan me setja opp ein kran på dei gamle kranskinnene? Det er berre nokre år sidan den vart plukka ned. Samstundes som konkurransen?

